



ANSA

HANDLINGSPLAN 2025 – 2026

Vedtatt på ANSA sin 69. Generalforsamling

1 Handlingsplan 2025-2026

2 ANSA skal motivere fleire til å velje studium i utlandet og gjere studium i utlandet meir tilgjengeleg

- 3 • ANSA skal arbeide for å rekruttere potensielle medlemmar. Dette gjelder både studentar som
4 vurderer å reise utanlands, og norske studentar som allereie studerer i utlandet.
- 5 • ANSA skal satse meir på å nå ut til potensielle utvekslingsstudentar.
- 6 • ANSA skal ha større fokus på å nå ut til elevar og studentar i heile Noreg, blant anna gjennom
7 utvikling og oppfølging av ordninga for ANSA-ambasadørar.
- 8 • Studierådgjevarar i heile Noreg skal ha kunnskap om ANSA. ANSA skal tilby opplæring om
9 korleis velje studiar i utlandet til relevante rådgivarar og rettleiarar i vidaregåande skule og
10 høgare utdanning. Opplæringsmateriell skal også vere tilgjengeleg digitalt.
- 11 • ANSA skal delta på alle utreiseseminara i UH-sektoren. ANSA skal tilby seminar både for
12 utvekslingsstudentar og for studentar som tek heil grad i utlandet.
- 13 • ANSA skal halde fram med motivere elevar og studentar til å velje studiar i utlandet gjennom
14 målretta og engasjerande innhald i sosiale medium og på nettsida.
- 15 • ANSA skal auke fokuset på informasjon og aktivitetar retta mot politisk prioriterte land.
16 Dette gjeld Panoramaland, Erasmus+, og studium i ikkjeengelskspråklege land.
- 17 • ANSA skal i tillegg evaluere verknaden av promoteringa av desse landa, samt kartleggje
18 årsaker til korleis studentar vel studieland og identifisere tiltak for å auke interessa for
19 studium innanfor desse prioriteringane.
- 20 • ANSA skal arbeide for at det skal lønne seg for norske utdanningsinstitusjonar å sende
21 studentar på utveksling, mellom anna gjennom finansieringsmodellen.

23 ANSA skal vere ein trygg og inkluderande organisasjon som tek vare på alle medlemmar og 24 tillitsvalte

- 25 • ANSA skal vidareføre gjennomgangen av organisasjonsstrukturen med grunnlag i rapporten
26 frå omstruktureringsutvalet og diskusjonen på generalforsamlinga 2025. Arbeidet skal leia
27 fram til eit utgreidd forslag omdekkjande heile organisasjonen som skal presenterast på
28 generalforsamlinga 2026. Hovudstyret skal setja rammene for arbeidet med ein ny
29 organisasjonsstruktur.
- 30 • ANSA skal ta i bruk nye verktøy for intern kommunikasjon. Alle tillitsvalte skal gjennomføre
31 opplæring for å bli trygge på korleis ein skal bruke verktøyet.

- 32 • Alle tillitsvalte skal gjennomføre opplæring og vere godt kjente med ANSA sine beredskaps-
33 og varslingsrutinar. Det skal vere lett for alle i organisasjonen å melde frå om uønskt åtferd,
34 samt nå fram til ANSA sentralt i krisesituasjoner.
- 35 • ANSA skal fremme ein variasjon i arrangement, blant anna helsefremmande og
36 alkoholfokusfrie arrangement.
- 37 • ANSA skal utvikle medlemsgodar i samarbeid med dei tillitsvalte.
- 38 • ANSA skal arbeide for å vere klima- og miljøvennleg. Alle sentrale ANSA-arrangement skal
39 som hovudregel inkludere servering av vegetar- eller veganske måltid.
- 40 • ANSA skal oppmuntre til miljøbevisstheit rundt val av reiser og applaudere når tilsette og
41 tillitsvalte tar klimavennlege val.
- 42 • ANSA skal arbeide vidare for at nynorsk og bokmål skal vere jamstilte i organisasjonen. ANSA
43 skal sikre at informasjon er tilgjengeleg på både bokmål og nynorsk, og ANSA sentralt og
44 tillitsvalde skal oppmodast til å svare på førespurnader på det språket dei er skrivne på og
45 tillitsvalde skal oppmodast til å bruke språket dei skriv på til vanleg. For å vise respekt for
46 urfolk og minoritetar skal ANSA løfte fram nordsamisk som ein del av Noregs språkvar, ved å
47 bruke språket på utvalde og synlege plassar. ANSA skal òg markere den samiske
48 nasjonaldagen, 6. februar, i sine sosiale mediekanalar, som eit uttrykk for støtte til samiske
49 studentar i utlandet og for å synleggjere samisk språk og kultur i organisasjonen.
- 50 • ANSA skal ha TRIA-kontaktar i alle verdsdelar med ANSA-land.
- 51 • ANSAs psykologtilbud skal styrkast, og det skal etableres ein føremålsteneleg ordning knytt
52 til talet på timer per medlem.

54 **ANSA skal fremme verdien av studium i utlandet**

- 55 • ANSA skal vere synlege i alle saker som gjeld interessene til norske utanlandsstudentar, og
56 setje agendaen i mediebildet.
- 57 • ANSA skal òg støtta utanlandske studentar i Noreg sine rettar og retten til fri og gratis
58 utdanning. Dette skal ANSA tydeleg fremja i media og overfor Stortinget.
- 59 • ANSA skal skape fysiske og digitale møteplassar slik at utanlandsstudentar kan bygge
60 nettverk.
- 61 • ANSA skal tilby karrierefremmande kurs og ytterlegare tilbod spissa mot studentar med
62 internasjonal kompetanse.
- 63 • ANSA sine karriearrangement skal ha brei representasjon frå ulike fagfelt.

- 64 • ANSA skal bygge opp alumni-nettverket i organisasjonen, og fokusere på fellesskap for
65 nyutdanna med kompetanse frå utlandet.
- 66 • ANSA skal sørge for at det blir gjennomført ei sysselsetjingsundersøking blant Alumni-
67 medlemmar og nyutdanna frå utanlandske universitet for å kartlegge og hente meir
68 informasjon om overgangen frå studiar til arbeidslivet for nordmenn som har studert i
69 utlandet.
- 70 • ANSA skal i større grad leggje til rette for at norske studentar i utlandet får kontakt med det
71 lokale samfunnet – både sosialt og profesjonelt. Målet er å framheve verdien av
72 utanlandsstudium som ei kjelde til unik kunnskap, språk- og kulturforståing, og å synleggjere
73 at ANSA ikkje berre er eit norsk nettverk i utlandet, men òg ein brubyggjar til landet ein
74 studerer i.
- 75 • ANSA arrangerer ein klimareisekonkurranse der deltakarar som har reist klimavennleg i løpet
76 av utanlandsopphaldet sitt kan vere med og vinne Interrailbillettar eller Flixbus-gåvekort.
77 Deltakarane blir òg oppmoda til å dekkje reisa på sosiale medium for å auke merksemda og
78 engasementet kring klimavennlege reiser.

79